
Kartlegging av egedomsarkiv Meland kommune

Rapport etter synfaring 20. april



Kommune: Meland kommune	Sak (Websak): 17/198	Dato: April 2017	Side: 2
Forfatter: EN	Tittel: Kartlegging av eigedomssaksarkiv. Meland kommune		

Kartlegging av arkiv

Meland kommune skal digitalisere eigedomsarkiva sine. Interkommunalt arkiv i Hordaland har kartlagt arkiva på oppdrag frå Meland kommune. Rapporten skal inngå som grunnlagsmateriale i prosessen fram mot digitalisering. Alle dei aktuelle arkiva står plassert på kommunehuset på Frekhaug. Kartlegginga vart utført av Eirik Netteland den 20. april 2017.

Følgjande arkivseriar er kartlagt:

- Eigedomsarkiv 1969 – 2010
- Eigedomsarkiv 2011 – 2014
- Arkiv over bygg i arbeid
- Oppmålingsarkiv
- Landbruksarkiv

Kartlegginga viser at det er ønskeleg at fleire seriar enn berre byggesaksarkivet blir med i eit eventuelt digitaliseringsprosjekt, og at det i realiteten er snakk om å digitalisere alle eigedomsarkiva i kommunen. Digitaliseringsprosjektet vil med andre ord bestå av fleire sakstyper enn saker behandla etter plan og bygningslova. Det vil derfor være nyttig å klassifisere innhaldet i kvar enkelt sak før skanning og kva arkivserie den er henta frå. Det bør registrerast i databasen om den digitaliserte saka for eksempel er ei byggesak, konsesjonssak eller oppmålingssak.

Alle seriene er organiserte på gards og bruksnummer, men seriane er skapt av forskjellige arkivskaparar og har derfor ulik proveniens. Dersom alle dei kartlagde arkivseriane blir digitalisert inn i same database, er det likevel viktig at den opphavslege strukturen blir oppretthaldt når arkivet blir pakka, merka og avlevert til depot.

Omfanget av arkiva er målt til om lag **90 meter**.¹

¹ Arkivet er truleg litt mindre på grunn av at arkivskuffa som inneheld hengemapper kan innehalde mange tomme hengemapper. Dette volumet vil forsvinne dersom innhaldet i arkivskuffane blir pakka i arkivbokser.

Kommune: Meland kommune	Sak (Websak): 17/198	Dato: April 2017	Side: 3
Forfatter: EN	Tittel: Kartlegging av eigedomssaksarkiv. Meland kommune		

Eigedomsarkiv 1969 – 2014

Plassering: Arkivrom i 2. etasje

Omfang: 66,5 meter

Eigedomsarkivet inneheld arkiv frå perioden 1969 til 2014. Arkivet er delt i to seriar. Perioden 1969 – 2010 står plassert i arkivboksar, mens perioden 2011 – 2014 står plassert i arkivskap. Arkivboksane utgjer 46,8 meter og består av 359 arkivboksar. Serien som er plassert i arkivskap utgjer 19,6 hyllemeter (skuffane er 70 cm djupe). Denne delen av arkivet vil truleg krympe dersom det blir pakka om i arkivboksar. Ikkje alle skuffane er fulle og hengemappene utgjer mye volum i seg sjølv.

Teknisk etat i Meland kommune vart etablert i 1969. I 1996 vart etaten slått saman med landbrukskontoret i kommunen. Saker som tidlegare vart plassert i gardsarkivet på landbrukskontoret, vart frå samanslåinga arkivert i eigedomsarkivet. Namnet på dagens etat er «Plan, utbygging og kommunalteknikk».

Arkivet er eit eigedomsarkiv og ikkje et reindyrka byggesaksarkiv. Alle saker vedkomande eigedomane som etaten har behandla har blitt arkivert her. I arkivet kan vi finne byggesaker, delingssaker, utsleppsløyve, vegsaker (for eksempel avkøyrsele kan ligge på byggesaken) og fyringsforbod. Frå landbrukssektoren kan vi blant anna finne jordlov- og konsesjonssaker, investeringslån/tilskot og jordleigeavtalar.

Det vil derfor være nyttig å klassifisere sakstypene når dei blir digitalisert og skanna inn i ein database. Det vil også være nyttig om ein sak kan klassifiserast med fleire kategoriar sidan det for eksempel kan ligge utsleppsløyve på byggesak.

Arkivet framstår som oversikteleg og ryddig og består i stor grad av tynne mapper. Det er oppretta mappe for kvar sak og mappene er merka med gnr/bnr, namn på eigar, postnummer og stad, og av og til adresse. Det er også ført journal utanpå mappene. Inne i mappene ligg dei fleste dokumenta på dato. Det er litt gule lappar og stiftar, men elles lite binders, plast eller anna. Det er med andre ord lite arkivfiendtleg materiale i mappene. Formatet er for det meste A4 og A3, men også storformat.

Arkiv over bygg i arbeid

Byggesaker der det er bygg i arbeid er plassert midlertidig i eit eige ventearkiv. Mange av desse sakene er nyare enn 2014, og skal derfor ikkje være med i eit digitaliseringsprosjekt, men det ligg også saker her som er eldre enn 2014. Desse må plukkast ut og bli tatt med i digitaliseringsprosjektet.



Kommune: Meland kommune	Sak (Websak): 17/198	Dato: April 2017	Side: 4
Forfatter: EN	Tittel: Kartlegging av eigedomssaksarkiv. Meland kommune		

Det er uklårt kor mange mapper dette utgjør. Ventearkivet er plassert i to arkivskap med fem skuffar i kvart skap.



Bilde. Perioden 2011 - 2014



Bilde. Bygg i arbeid

Kommune: Meland kommune	Sak (Websak): 17/198	Dato: April 2017	Side: 5
Forfatter: EN	Tittel: Kartlegging av eigedomssaksarkiv. Meland kommune		

Oppmålingsarkiv


Plassering: Arkivrom i 2. etasje

Omfang: 17,7 meter. Ca 150 arkivboksar

Oppmålingsarkivet utgjer i overkant av 17 meter og står plassert i same arkivrom som eigedomsarkivet. Dette arkivet er ikkje ein del av websak og arkivet er ikkje avslutta. Sakene er organisert etter gards og bruksnummer.

Oppmålingssakene er lagt i farga omslag utforma for oppmålingssaker. Omslaga er påført metadata knytt til oppmålingssaken. Her kan ein finne informasjon om tiltakstype, møtedato og klokkeslett, rekvirent, matrikelnummer, sak i bygningsrådet, merknadar, mm. Det er gjerne litt forskjellig informasjon ut frå når saka er frå. Omslaga har endra seg litt med tida. I eit skanningsprosjekt vil det være nyttig å skanne desse omslaga eller registrere metadata i databasen.

Oppmålingssakene består blant anna av målebrev, søknadar om utskiling/frådeling av tomt, korrespondanse, kart, koordinatberekningar, protokoll over oppmålingsforretning, punktobservasjonar mm. Det er som regel bare dokument inne i omslaga, men det kan også ligge nye saksmapper inne i mappene. Dokumenta ser ut til å ligge kronologisk og det ser ut til å være lite arkivfiendtleg materiale i mappene.



Kommune: Meland kommune	Sak (Websak): 17/198	Dato: April 2017	Side: 6
Forfatter: EN	Tittel: Kartlegging av eigedomssaksarkiv. Meland kommune		

Gardsarkiv

Plassering: Arkivrom i 2. etasje

Omfang: 5,85 meter

Gardsarkivet etter landbrukskontoret står plassert i tre arkivskap. Det inneheld også ein skuff med skogsvegarkiv og ein skuff med skogkultursaker. Arkivet blei avslutta i 1996 da kommunen vart omorganisert. Landbrukssaker knytt til konkrete eigedomar vart frå omorganiseringa plassert i eigedomsarkivet. Arkivet ser ut til å gå tilbake til 1960-talet, men nokon saker er gjerne eldre.

Gardsarkivet er organisert etter gards og bruksnummer, og består av saker vedkomande drift av gardane. Undersøkinga viser at det består av saker etter jordlova og konsesjonslova. Dette kan være frådelingssaker til for eksempel bustad og hytte. Arkivet består også av driftsplanar, tilskotssaker, lånesaker (Statens landbruksbank), bruksutbyggingssaker og saker vedkomande jordbruksvegar.

Sakene er plassert i hengemapper og det er ei mappe per gnr/bnr. På kvart bruksnummer er det mange tynne mapper. Desse er godt merka med gnr/bnr, namn, postnummer og sted. Det er også ført journal utanpå mappene. Det er som regel ei mappe per sak, men det er også nokon samlemapper som gjerne er merka «gamle delingssaker» som kan dekke eit større tidsspenn. Det er litt stifter og bindersar i arkivet, men elles lite arkivfiendtleg materiale.

Dersom heile eigedomsarkivet skal skannast, bør ein også vurdere å skanne dette arkivet for å få det komplett. Det er likevel viktig at den opphavelige strukturen til arkiva blir oppretthaldt og at landbrukskontoret sitt arkiv blir pakka, merka og avlevert til depot som eit eige avslutta arkiv.

